

**Notat**Dato: 12.08.2014  
Arkivsak: 2014/15306-8  
Saksbehandlar: endkors

---

**Til:** Signe Vinje

---

**Frå:** Endre Korsøyen

---

**Innspel Akvakultur**

Fjell kommune har utvida akvakulturområda kring dei eksisterande oppdrettslokalitetane Skorposen, Haverøy, Oksen og Turøy. Akvakulturområde ved lokalitet Kelvesteinen er ikkje justert. Til fleirbruksområda er det laga føresegner som opnar for fortøyingar frå oppdrettsanlegg på visse vilkår. Nokre små og mindre egne akvakulturområde er tatt ut av planen.

*Kommentar*

Hordaland fylkeskommune forvaltar akvakulturlovgevinga i fylket. Løyve til akvakulturverksemd kan ikkje bli gitt i strid med vedtekne arealplanar etter plan- og bygningslova. Det er derfor viktig at kommuneplanens arealdel set av nok areal til oppdrettsanlegg i overflata, inklusiv forflåte, fortøyingar og ankerfeste. Områda må vere store nok til å dekke behovet for skifte ut og justere anleggsplasseringar. Blir områda for små vil det føre til fleire dispensasjonssøknader, sjølv ved mindre endringar på lokaliteten.

Det er positivt for næringa at Fjell kommune har justert og utvida akvakulturområde for oppdrett av matfisk laks og aure. Fjell kommune gav i 2009 i dispensasjon frå planen til at anlegget på lokalitet Kelvesteinen kunne utvida arealbruken. Det er gjeve løyve etter akvakulturregelverket, samt at anlegget er etablert i samsvar med dette. Alle lokalitetar med driftsløyve bør visast i plankartet som område for akvakultur. Arealgrensene i planen må justerast for oppdrettsanlegget med fortøyingar og ankerfeste slik at desse ligg i innafør akvakulturområde eller i fleirbruksområde. Kartet under viser anlegget og noverande AK-område.

